

Inger Marie Jordal
Daniel Jordal

Ådlandsvegen 785
5919 Frekhaug

ISTANDSETJING AV GRUNNMUR UNDER LØE PÅ GAUSTAD GNR 339 BNR 5 ALVER KOMMUNE

Eg viser til synfaring 27.05.22 der føremålet var å vurdere tilstanden til den tørrmura grunnmuren under løa dykkar.

Løa fungerer som driftsbygning for aktiv småskala landbruksproduksjon og vert no istandsett og delvis tilpassa ny bruk innanfor denne ramma. Bygget, som er prega av ein spenstig og økonomisk byggjetradisjon, er om lag kvadratisk i grunnplanet, ca. 10 x 10 meter.

Grunnmuren

I tillegg til å bera bygget hyser grunnmuren hyser eit kjellarrom som primært inneheld ein gjødselkjellar. Høgda på grunnmuren er jamt over 2 m i framkant av bygget, mot sørvest (nærmast på fotoet under), og elles krabbar muren inn mot stigande terreng på begge sider.



Han er utført som kistemur med to likeverdige vingar, ytter- og innervange, ca. 80 (+) cm i tverrmål. Murarhandverket er utført etter vanleg fagleg standard slik vi kjenner det som tradisjonshandverk praktisert av dugande utøvarar i regionen - og i det nære nabolaget på garden Gaustad. Det er nytta eit tilfang av stein med noko varierende eigenskapar (avsetningsbergarter), men som stort sett er velegna til føremålet.

Løa må seiast å ha stor kulturminneverdi med den funksjonen det har i gardstunet, og slik det er med på å formidla nyare gards- og næringshistorie, i tillegg må reknast den opplagde aktuelle nytteverdien bygget har.

Skade på murverket

Frå inngangen til gjødselkjellaren mot hjørnet i søraust og vidare eit stykke inn på tilliggjande side er grunnmuren prega av ein markert setningsskade. Ein ser fleire tydelege forskyvingar og skisma i muren og så godt som heile dette partiet har fått eit helling utover, jfr. området som er innringa på foto under. Særleg det siste indikerer ein svikt i fundamentet. Det er sjølvsagt uråd å seia heilt eksakt kva som er årsaka til dette, men det er grunn til å gå ut ifrå at eit opphavleg dreneringssystem er sett ut av spel, kanskje i samband med opparbeidinga av



vegen som går forbi med nokså liten fråstand. Ei enkel bonitering har vist at det er eit djupt sjikt med blanda lausmassar over fjellgrunnen

i dette området, noko som har gjort byggjegrunnen særleg sårbar ved sviktande drenering. I sida mot søraust kan ein lesa av fleire spalter som vist med raude piler på fotoet under.



Pilene viser til to markerte spalter der setningane i muren i forkant har forplanta seg. Det har også ført til framfall av steinar i muren. Ein ser også at det er gjort forsøk på å vøla muren med betong.


Elles er denne sida prega av uro i murverket både inne og ute.



Her ser ein døme på korleis setningar i forkant av bygget har ført til både skisma i muren og til utgliding av heile seksjonar. Bildet viser at muren er reist med mykje lagdelt gneis, og også mange verktøyspor.



Foto over viser korleis muren har fått eit hall utover. At muren har lagt seg over i heile si høgd, tyder klart på at årsaka til skaden ligg i fundamentet. Ein ser også korleis det har oppstått uro i innervangen av veggen mot søraust. Jfr. omtale over.



Framlegg til tiltak

Skaden på grunnmuren må reknast som så pass alvorleg at han representerer eit trugsmål mot bygningen på sikt. Sett på bakgrunn av at skadeårsaka ligg i fundamentet og at setningane er så pass alvorlege, vil istandsetjinga her bestå i demontering, refundamentering og oppattmuring. Kor stor del av strukturen dette vil omfatta, vil ein ikkje kunna vita heilt sikkert før demontering og avdekking av skadeomfanget. Men ein kan slå fast at heile det aktuelle stykket frå inngangen til gjødselkjellaren og til det søraustre hjørna må takast ned, dertil

godt og vel 2 meter inn på den tilliggjande veggen. Utanom dette skadde området må murverket reknast som godt og stabilt. Ein kan sjå føre seg desse arbeidsoppgåvene:

1. Sikring/oppstøtting av bygningen.
2. Demontering av dei skadde partia av grunnmuren, inkl. deponering og sortering av steinen for gjenbruk.
3. Grunnarbeid som vil omfatta graving og etablering av sikker byggjegrund ved legging og komprimering av reine, drenerande massar, t.d. pukkk i noko grovare fraksjonar.
4. Oppattmuring av grunnmur som kistemur.
5. Drenering, tilbakeføring av dekkmassar og tilordning av terreng.



Ved refundamenteringa av muren i framkant vil ein måtta grava seg ned for å kunna etablera tilfredsstillande byggjegrund. Ei slik grop vil fort kunna fungera som eit «basseng» for vatn dersom ein ikkje syter for drenering. Det må derfor leggjast ut ei grøft. Den må mest sannsynleg måtta leggjast gjennom vegen, om lag som markert på bildet.

Føremålet med ei istandsetjing som skissert her under tiltak, vil vera å ta vare på muren som del av ein byggjemåte og ein byggjetradisjon i området og det særmerkte ved dette tunet. Det vert derfor lagt til grunn at arbeidet blir utført i tråd med denne tradisjonen og med eit tilfang av materiale som svarer til dette. Like eins vil ein leggja til grunn om lag same grad av bearbeiding av steinen med handverktøy.

Spekking og overflatebehandling av innvendige vegger

Som det går fram av foto har veggene inne i gjødselkjellaren vore spekka og pussa med kalkmørtel, i alle fall eit stykke opp på veggene.



Både med tanke på ei antikvarisk tilbakeføring, og med tanke på framtidig bruk, det vere seg som gjødselkjellar eller til andre føremål, ville det vera på sin plass å kalka veggene opp att.

Dette treng ikkje gjerast i same omgang som istandsetjing av grunnmuren som berande element i bygget, og det vert fylgjeleg ikkje her fremja som ei tilråding frå meg at dette vert gjort no. Eit slikt tiltak vil med fordel kunna greiast ut og gjennomførast som eit eige prosjekt på eit seinare tidspunkt.

Frekhaug 27.07.22

Med venleg helsing
Haakon Aase

Vedlegg:

Kostnadsoverslag